



OSTERØY ENTREPRENØR AS
Hodlebrautsvegen 16
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Saksbehandlar, innvalstelefon
Mari Katrine Berg-Arnesen, 5557 2326

Tilbakemelding på meldeskjema for mellombels knuseverk på Haus

Vi viser til motteke meldeskjema 30. september og telefonsamtale 16. oktober om drift av steinknuseverk på Haus i Osterøy kommune.

Frå meldeskjema går det fram at knusinga fann stad i to periodar tidlegare i år, 29. juni til 2. juli og frå 3. til 27. august.

I punktet om støvdemping vart det sagt at det vart nytta mykje vatn for å dempa støv frå verksemda. Mellom anleggsområdet og Mjeldavågen ligg fylkesveg 5416 og dyrkamark. Eventuelle avrenningsvegar er ikkje omtala i meldeskjemaet, men vi legg til grunn at verksemda har sytt for at ev. avrenning mot næraste vasskjelder er i samsvar med kravet i forskrifta på 50 mg/l suspendert stoff og utan fare for nedslamming i resipienten.

På telefon informerte vi om at verksemder som berre produserer i korte periodar, deler av året eller sesongvis vert rekna som stasjonære anlegg dersom produksjonen skjer på same område kvart år. Osterøy Entreprenør opplyste at det ikkje var planlagt meir knusing i år, og om det skulle vise seg å vere naudsynt med meir knusing på plassen ville neste år vere siste gong, og nytt meldeskjema vil bli sendt inn.

Vi føreset at verksemda har følgd vilkåra i kapittel 30 i forureiningsforskrifta og sender inn meldeskjema for knuseverk i god tid før oppstart dersom det vert aktuelt i framtida.

Med helsing

Magne Nesse
senioringeniør

Mari Katrine Berg-Arnesen
overingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:
Osterøy kommune Rådhuset 5282 LONEVÅG
Osterøy Entreprenør AS